Stiegler

Fylkesmannen i Hordaland
Sendes via

Osterøy kommune
Rådhusplassen
5282 LONEVÅG

Bergen, 24. april 2018
E-post: ak@stiegler.no
Ansvarlig advokat: Aksel Kayser
Vår ref. 11085

**6/1 - VEVLETVEIT**

Jeg viser til deres brev datert 4. april 2018, vedlagt vedtak PL.

Vedtaket påklages herved.

**1: Driftens lovlighet**

Driften bygger på konsesjon fra Statens forurensingstilsyn datert 26. november 1992, som ble overtatt ved brev fra Fylkesmannen i Hordaland datert 20. mai 1999. Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn med virksomheten, senest etter avtale om dette datert 19. august 2014 og rapport datert 3. september 2014, med to mindre avvik som ble rettet innen fristen 1. november 2014.

I perioden frem til 1. januar 2015 driftes steinuttaket i samsvar med lov og konsesjon. Fra 1. januar 2015 kreves det såkalt driftskonsesjon og det er i den sammenheng at DMF gir utrykk for at det bør utarbeides en reguleringsplan som grunnlag for slik driftskonsesjon. Det er årlig rapportering til DMF og kommunikasjon om dette.

**2: Osterøy kommune bestemte i 2012 at det ikke skulle kreves reguleringsplan**

Dette skjedde ved notat til rådmannen datert 20. mars 2012. Notatet vedlegges. Som det fremgår av vedlegget er det tidligere fremlagt som vedlegg 19. Det ble fremlagt som vedlegg

19 til brev datert 12. mai 2016 herfra, som påklaget stoppordre mv. utferdiget av Osterøy kommune datert 22. april 2016.

Det er nokså fantastisk å konstatere at saksbehandler utnytter en skrivefeil i mitt brev datert 16. februar 2018 og mener brevet ikke eksisterer fordi 20. mai 2012 er en søndag. Saksbehandler bør heller lese alle dokumentene i saksforholdet, fra varsel ble sendt og frem til nå og derved funnet dokumentet som et av få fra 2012.

Saksbehandlingen er med andre ord meget dårlig gjennomført.

I klage 12. mai 2016 er rett dato oppgitt og notatet vedlagt som vedlegg 19. I klage datert 21. juni 2016 er det fremhevet at Osterøy kommune frafalt kravet om reguleringsplan i mars 2012.

Det er også slik at Fylkesmannen i Hordaland i sitt opphevingsvedtak 6. september 2016 har et helt kulepunkt på side 3, om nettopp dette tema. Det sier seg selv at fylkesmannens tidligere opphevingsvedtak er viktig og sentralt å forholde seg til i hele dette saksforholdet.

Det er med andre ord nokså oppsiktsvekkende at administrasjonen ikke kjenner til dette, ikke minst når det er slik at notatet ligger som et dokument i saken.

Kopi av vedtaket fra Fylkesmannen i Hordaland vedlegges, ikke minst fordi det gir visse retningslinjer for saklig saksbehandling videre, som administrasjonen synes å være ukjent med.

**3: Reguleringsarbeidet**

I vedtak 6. september 2016 skriver Fylkesmannen i Hordaland følgende:

*Klagar har også vist til at planarbeid starta opp igjen i april d.å. Fylkesmannen saknar ei vurdering av kva dette har å seie i vurderinga av om arbeidet skal stansast med augeblikkeleg verknad.*

Dette er heller ikke fulgt opp på en forsvarlig måte. Det er mer riktig å si at det derimot er fulgt opp på en uforsvarlig måte, i administrasjonens saksopplysninger til møtet skriver saksbehandler at «kommunen» ikke kjenner til at det har vært «framdrift i arbeidet med reguleringsplanen sidan undervegsmøte 30.03.2017» og senere i fremstillingen konkluderes det uten holdepunkter i virkeligheten med at tiltakshaver har avsluttet reguleringsarbeidet.

På denne måten prøver administrasjonen å «komme seg rundt» eller «pulverisere» den realitet at det pågår arbeid med en reguleringsplan.

Det kan i denne sammenheng påvises at konsulenten har arbeidet med saken hele tiden, se vedlegg og at det er usant når administrasjonen også skriver at det er «tiltakshavar som har

stogga framdriften av reguleringsplanarbeidet» særlig når man åpenbart bør kjenne til at det arbeides med utforming og forutsetninger for planforslaget.

Også på dette punkt er saksbehandlingen uforsvarlig og innholdet i beskrivelsen av faktum som følge av dette uriktig og usann.

**4: Oppsummering**

Eksisterende drift er lovlig. Konsesjon er aldri tilbakekalt og kommunen har bestemt at det ikke kreves reguleringsplan vel vitende om ny minerallovgivning. Reguleringsplan er noe som må komme på plass i forhold til driftskonsesjon fra DMF.

Det foreligger svært grove saksbehandlingsfeil ved at administrasjonen ikke har undersøkt saken på en forsvarlig måte. Arbeidet med saksopplysningene er derimot meget lettvint og uforsvarlig.

Hva angår internt notat til rådmannen i mars 2012 skulle saken vært skikkelig gjennomlest før innstilling ble utarbeidet.

Hva angår reguleringsarbeidet bør det være allment kjent at det kan ta tid å få på plass de forhold reguleringsmyndigheten angir, og administrasjonen burde i det minste vært i kontakt med konsulenten Multiconsult, som er en meget seriøs aktør på dette området, før man mener noe som helst om dette.

Vedtaket bygger på uriktig faktum og utvalget bes om å oppheve sitt eget vedtak.

Utvalget bør nå velge det eneste rette vedtak:

Saken utsettes til reguleringsplan er vedtatt.

Med vennlig hilsen
Advokatfirma Stiegler ANS

Aksel Kayser
Advokat

Kopi: Min part

(19)

ØSTERØY KOMMUNE
Plan
Plan

NOTAT

**Til:**
Odd Ivar Øvregård St. Olavsvei 167 5063 BERGEN

**Frå:**
May Britt Nesje Hernes

**Dok.dato:** 20.03.2012 **Ref:** 07/2200-12 12/4933

# AVSLUTTA REGULERINGSSAK - VEVLETVEIT GNR 6, BNR 1

31.10.2007 vart det gjeve løyve til oppstart av reguleringsarbeid for Vevletveit, gnr. 6, bnr. 1. Føremålet med planarbeidet var lnf og område for steinbrot og masseuttak. Det vart varsla oppstart 30.08.08 og frist til å kome med merknader vart sett til 31.10.08.
Etter dette kan ein ikkje sjå at det har vore framdrift i planarbeidet. Kommunen har heller ikkje motteke gebyr.

For kommunen er det viktig at dette området vert ivaretatt. Landbruk tok difor initiativ til eit internt møte i kommunen der rådmann, plan og miljø og teknikk deltok. På møtet vart ein sams i at plan skulle sende ut eit brev der det vart etterspurd attendemelding på framdrift. Dersom ein ikkje mottok attendemelding skulle bruken av området fylgjast opp vidare etter det løyve som har vært gjeve. Brevet vart sendt rekommandert og frist for å kome med attendemelding vart satt til 23 februar 2012. Vidare stod det at dersom kommunen ikkje mottek attendemelding innan fristen vil kommunen fylgje opp arealbruken for området og tiltak på staden.

Plan har ikkje motteke nokon attendemelding reguleringssaka vert dermed avslutta. Tiltaket og arealbruken på området vil fylgjast opp vidare av Miljø og Teknikk etter det løyve tiltakshavar har fått frå Fylkeslandbruksstyret. Dersom det skal nyttast anna areal er det krav om regulering av området. Tatt i betraktning tida som er gått, endringar i lovverk og mangel på innbetaling av gebyr vil då det vere naturleg med ein ny oppstart.

Dette til orientering

May Britt Hernes

Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Karen Elin Bakke, 55 57 21 26

Vår dato
06.09.2016
Dykkar dato
14.06.2016

Vår referanse
2016/8196 423.1
Dykkar referanse
14/1495

Osterøy kommune
Rådhuset
5282 LONEVÅG

**Osterøy kommune - Gnr 6 Bnr 1 - Vevletveit - Stoppordre for steinknuseverk**

Vi viser til ekspedisjon frå Osterøy kommune, motteken av Fylkesmannen i Hordaland den 14.06.2016.

**Vedtak**
**Fylkesmannen *opphevar* Osterøy kommune sitt vedtak av 20.04.2016 med stoppordre for drifta av steinknuseverket på Vevletveit.**

**Bakgrunnen for saka**
Vi føreset at partane er kjende med saksdokumenta og den tidlegare handsaming av saka. Fullstendig saksreferat vert difor ikkje gjeve. Vi vil likevel kort nemne følgjande frå handsaminga av saka:

Fylkeslandsbruksstyret gjorde den 01.03.1989 vedtak etter jordlova § 9 om å godkjenne mellombels omdisponering av jordbruksareal på eigedomen gnr. 6 bnr. 1 for drift og plassering av steinknuseverk. Det kjem fram av saksdokumenta at arbeidet ville gå over eit tidsrom på åtte til ni år. Det vart stilt konkrete vilkår om rekkjefølgjen i arbeidet og attendeføring av areala til jordbruksareal.

Det går vidare fram av saksdokumenta at grunneigar/tiltakshavar ikkje oppfylte vilkåra om attendeføring av areala til jordbruk så langt det gjaldt dei areala som ligg sørom fylkesvegen.

Osterøy kommune gav i brev av 20.08.2012 tiltakshavar brev med stoppordre for drifta i steinknuseverket. Det er opplyst at kravet ikkje vart etterkomen.

Osterøy kommune vedtok den 20.04.2016 stoppordre for drifta av steinknuseverket på eigedomen gnr. 6 bnr. 1, sitat:
«...
*Med heimel i pbl.32-4,jf. § 32-3 krev Osterøy kommune at all drift i samband med masseuttak/steinknuseverket på eigedommen gnr. 6, bnr. 1, Veitveit omgåande stoppa til det eventuelt føreligg eit løyve. Stoppordren vert gjeven med heimel i § 32-4 utan føregåande varsel.*

*Nødvendig sikringsarbeid må utførast før steinknuseverket forlates.»*

Statens hus
Kaigaten 9, 5020 Bergen
Telefon: 55 57 20 00
Telefaks: 55 57 28 51

Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Postboks 7310, 5020 Bergen
Org.nr: 974760665

E-post:
postmottak@fmho.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/hordaland

Vedtaket vart klaga på av advokat Kayser på vegne av tiltakshavar, motteken av Osterøy kommune den 13.05.2016. Det er mellom anna vist til at stans av drifta av steinknuseverket vil vere svært uheldig. Klagar viser også til at Osterøy kommune tidlegare har frafalt krav om utarbeiding av reguleringsplan. Det er vidare vist til at kommunen har kjøpt massar frå steinknuseverket, og at kommunen for lengst også har akseptert at drifta skjer utan reguleringsplan. Det er no starta opp planarbeid igjen, med oppstartsmøte 06.04.2016. Reguleringskartet avgrensar reguleringsarbeidet til arealet på sørsida av fylkesvegen som i overordna plan er utlagt til masseuttak. Oppdyrkingarbeidet på nordsiden av vegen er tilnærma ferdig. Klagar stiller også spørsmål ved om tiltaket er søknadspliktig, jfr. pbl. § 20-6.

Klagen vart handsama av plan- og kommunalteknisk utval i møte den 01.06.2016, saksnummer 055/16. Klagen vart ikkje teken til følgje.

Saka vart deretter sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagehandsaming.

**Fylkesmannen ser saka slik**
Forvaltningslova (fvl.) gjeld for Fylkesmannen si sakshandsaming, jfr. plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9 første ledd. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka, også nye omstende, jfr. fvl. § 34 andre ledd.

***Planstatus***
Området er vist som areal for råstoffutvinning i kommuneplan for Osterøy kommune. Det er stilt plankrav i føresegnene til kommuneplanens arealdel.

***Krav om stans i arbeidet – grunngjevinga av vedtaket***
Plan- og bygningslova (pbl.) § 32-4 lyder slik:
*«Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om stans av arbeid eller opphør av bruk med øyeblikkelig virkning. Slikt pålegg kan gis uten forhåndsvarsel. Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene kreve bistand av politiet for gjennomføring av pålegg om stans.»*

Føresegna gjev plan- og byggjestyresmaktane heimel til å gje pålegg om stans av arbeid eller opphør av bruk straks, og utan at det er gjeve førehandsvarsel etter pbl. § 32-2. Bakgrunnen for føresegna er at det vil kunne oppstå tilfelle der trongen for å stanse ulovleg arbeid eller bruk med augeblikkeleg verknad vil kunne vege tyngre enn dei rettssikkerheitsmessige omsyna som tilseier førehandsvarsel og pålegg med frist for å etterkome pålegget.

Pålegg om stans i arbeidet eller opphøyr med augeblikkeleg verknad vil pr. definisjon ofte måtte treffast raskt før ein får full oversikt over alle faktiske og rettslege sidene av saka. Kravet til forsvarleg saksutgreiing må mellom anna sjåast i ljos av kor mykje saka hastar. Lova seier at det kan gjevast pålegg med augeblikkeleg verknad når dette fremstår som *«nødvendig»*. Dette inneber at det i praksis vil vere opp til byggjestyresmaktene sitt skjøn å vurdere når det er trong for eit slikt pålegg. Det er i denne saka likevel tale om tiltak som har pågått sidan 1980-talet. Kommunen har ikkje opplyst kvifor det var naudsynt å gjere vedtak om augeblikkeleg stans i arbeidet utan føregåande varsel. Kommunen har heller ikkje grunngjeve vedtaket av 20.04.2016 utover at tiltaket ikkje er omsøkt, og at plankravet i føresegnene til kommuneplanens arealdel ikkje er oppfylte. Den etterfølgjande

klagehandsaminga er også lite grunngjeven. Dette gjer det svært vanskeleg for oss som klageinstans å ta stilling til klagen som er sett fram.

Krava til grunngjeving av vedtak følgjer av fvl. §§ 24 og 25. Grunngjeving av eit enkeltvedtak skal gje partane ei forklaring og gjere greie for dei omsyna som vedtaket byggjer på. Partane vil då betre kunne forstå bakgrunnen for at saka fekk eit slikt utfall. Jo meir inngripande eit vedtaket er, jo strengare vil krava til grunngjeving vere. Sivilombodsmannen har i sak 2014/22206 sagt at plikta til å grunngje eit vedtak *«[e]r viktig av hensyn til parten selv, men også ansett nødvendig for å ivareta forvaltningens legitimitet og publikums tillit til forvaltningen. Krav om begrunnelse oppfordrer til større grundighet og nødvendighet ved behandling og avgjørelse av saken, noe som i neste omgang vil føre til flere materielt sett riktige avgjørelser.»* Eit forvaltningsvedtak kan kjennast ugyldig når grunngjevinga ikkje gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om vedtaket lir av innhaldsmessige feil. Det er slått fast i rettspraksis at manglar ved grunngjevinga kan tyde på svikt ved sjølve avgjerda, og kan medføre at vedtaket er ugyldig.

Det er fleire tilhøve i saka som kommunen ikkje har kommentert nærare eller grunngjeve godt nok i vedtaket av 20.04.2016 eller ved klagehandsaminga den 01.06.2016:

- Klagar har vist til at stans av drifta vil få uheldige konsekvensar for verksemda. Så langt vi kan sjå har ikkje kommunen i vedtak av 20.04.2016 eller ved den etterfølgjande klagebehandlinga skriftleg vurdert om augeblikkeleg stans er *«nødvendig»*. Pbl. § 34-2 er som nemnt ei «kan»- føresegn. I dette ligg det at det er opp til byggjestyresmaktene å ta stilling til om slikt pålegg skal gjevast. Men pålegget må likevel som nemnt vere *«nødvendig»*. I vurderinga skal det mellom anna leggjast vekt på risikoen og faren ved at det ulovlege tiltaket fortsettar, rettstryggleiken og kostnadsmessige tilhøve.

- Klagar har vist til at ikkje alle inngrep i terrenget krev nytt løyve eller reguleringsplan når tiltaket har pågått over fleire år og tilsyn med drifta er ivareteken av andre instansar. Det er vist til pbl. § 20-6 der det i første setning står følgjande *«Tiltak som nemnt i § 20-1, er ikke søknadspliktig dersom tiltaket blir tilfredsstillende behandlet etter andre lover»*. Dette er ikkje nærare kommentert av kommunen.

- Klagar har vidare vist til at kommunen bevisst har tatt eit standpunkt om å sjå bort frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan i 2012. Dette er kommentert slik av kommunen ved klagehandsaminga av 01.06.2016: *«Klagen inneheld ei rekke faktiske feil. Dei underliggjande vedlegg som klagen viser til dokumenterer også desse faktiske feila. Det er ikkje korrekt at kommunen har fråfalt krav om reguleringsplan i 2012. Tvert i mot viser framlagte dokument at kommunen frå 10 år tilbake har arbeida med å få på plass ein reguleringsplan som kan bringe tiltaket inn i lovlege former. Grunnen til at reguleringsarbeidet vart innstilt i 2012 var at tiltakshavar ikkje stilte i møter og ikkje sende svar i henhold til reguleringsmyndighetens krav.»* For å opplyse saka best mogleg må kommunen ikkje berre generelt vise til underlagsmaterialet i saka, men konkret vise til kva som frå kommunen sin side er gjort for å få på plass ein reguleringsplan.

- Klagar har også vist til at planarbeid starta opp igjen i april d.å. Fylkesmannen saknar ei vurdering av kva dette har å seie i vurderinga av om arbeidet skal stansast med augeblikkeleg verknad.

Fylkesmannen kan ikkje sjå bort frå at den mangelfulle grunngjevinga kan ha hatt betyding for innhaldet i vedtaket, jfr. prinsippet i fvl. § 41. Vi finn etter dette å måtte oppheve Osterøy kommune sitt vedtak av 20.04.2016. Saka vert med dette sendt attende til kommunen for ny handsaming.

Fylkesmannen vil presisere at vi med opphevingsvedtaket vårt ikkje har meint å leggje føresetnader for resultatet ved ei ny handsaming av saka i kommunen.

Fylkesmannen sitt vedtak på side ein er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. fvl § 28 tredje ledd.

Vi gjer merksam på at klagar kan sende inn krav om dekking av vesentlege og nødvendige sakskostnader etter fvl § 36. Sakskostnadskravet skal sendast Fylkesmannen i Hordaland innan tre veker.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anne Kjersti Sande<br>seksjonsleiar | Karen Elin Bakke<br>seniorrådgjevar |

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA ved adv. Fløysand | | 5811 | BERGEN |
| Fotlandsvåg Maskinentreprenør AS ved R. Hartveit | | 5283 | FOTLANDSVÅG |
| Monica Matter | Trondheimsvegen 68 | 2072 | DAL |
| Advokatfirmaet Stiegler ANS ved advokat Kayser | Pb 1124 Sentrum | 5809 | BERGEN |

Multiconsult

# NOTAT 001

| | | | |
|---|---|---|---|
| OPPDRAG | **616518** | DOKUMENTKODE | 616518-REG-NOT-001 |
| EMNE | Reguleringsplan Vevletveit | TILGJENGELIGHET | Åpen |
| OPPDRAGSGIVER | **Fotlandsvåg Maskinentreprenør AS** | OPPDRAGSLEDER | Kjetil Tepstad |
| KONTAKTPERSON | Roger Hartveit | SAKSBEH | Kjetil Tepstad |
| KOPI: | | ANSVARLIG ENHET | 2230 |

## 1 Fremdrift planarbeid

Multiconsult har ikke mottatt signaler fra tiltakshaver på at arbeidet med reguleringsplanarbeidet skal stanse.

Arbeidet med nødvendige avklaringer og oppretting i tråd med tilbakemeldingene fra kommunen har pågått, uten at vi har sett behov for å kontakte saksbehandler hos kommunen i denne fasen. Kommunens saksbehandler har ikke tatt kontakt med oss i denne fasen.

Dessverre har planarbeidet tatt lengre tid enn forventet fra vår side. Årsakene til dette er flere.

Vi fikk på plass nødvendige avklaringer fra Statens vegvesen i november 2017 vedr. omfang på regulering av offentlig veg. For å begrense ressursbruken, valgte vi å avvente annet arbeid til vi hadde denne avklaringene på plass. På grunn av stort arbeidspress hos Multiconsult, etter avklaringene med Statens Vegvesen, ble ferdigstilling av planmaterialet for Massetaket på Vevletveit forsinket.

Vi anser nå at planmaterialet er klart for innsending. Vi har den siste uken prøvd å komme i kontakt med kommunens saksbehandler på mail og telefon for å avtale videre prosess.



Bilde: Massetaket febr.2018 som er brukt i underlag for etterspurt illustrasjonsmateriell.

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| 00 | 24.04.2018 | Notat ang. fremdrift av planarbeidet – Massetak på Vevletveit | KT | VB | KT |
| REV. | DATO | BESKRIVELSE | UTARBEIDET AV | KONTROLLERT AV | GODKJENT AV |